Leikanger barneskule
www.leikanger-barneskule.no
Telefon adm.:
Telefon SFO:




# Vekeplan for 1. steg
# veke 36

| | | MÅNDAG 6/9 | TYSDAG 7/9 | ONSDAG 8/9 | TORSDAG 9/9 | FREDAG 10/9 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1<br>2 | 09.00<br>10.30 | **Samling**<br>**Lesing**<br>**Norsk** | **Kroppsøving** | **Samling**<br>**Lesing**<br>**Matematikk** | **Samling**<br>**Lesing**<br>**Norsk** | **UTESKULE til gapahuken over Seberg**<br>Sjå info på neste side |
| 3 | 10.45<br>11.30 | **Matematikk**<br>**Lunsj** | **Samling**<br>**Lunsj** | **Norsk**<br>**Lunsj** | **Matematikk**<br>**Lunsj** | |
| 4<br>5 | 12.00<br>13.30 | **FARGAR**<br>Val og partilogoar | **Norsk**<br>**Leik-, spel- og lesegrupper** | **FARGAR**<br>Val og partilogoar | **FARGAR**<br>Val og partilogoar | **Avslutting på skulen** |
| 6 | 13.45<br>14.30 | | | | | |



**LEKSE TIL TYSDAG:**
Ha på deg klede og sko som det passar å ha kroppsøving ute i. Gjer dette klart måndag før du legg deg.

**LEKSE TIL ONSDAG:**
Leik «Mitt skip er lasta med i-ord», saman med minst ein vaksen heime.

**LEKSE TIL TORSDAG:**
Gjer s.6 i Salto 1A.

**LEKSE TIL FREDAG:**
Ver med å pakke tursekken din.

**Vekelekse:**

**Norsk øveord:**
is
iskrem
ispinne
ivrig
iglo

**Matematikk øveord:**

**English:**

Andrea Turhus Raaen
andrea.turhus.raaen@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 91582896

Mari Fykse
mari.fykse@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 97137337

Leikanger barneskule
www.leikanger-barneskule.no
Telefon adm.:
Telefon SFO:




| | Dette arbeider me med denne veka |
|---|---|
| Norsk | Bokstaven «i», blyantgrep og bokstavhuset |
| Matematikk | Tal, mønster og sortering |
| Engelsk | Colours |
| Kroppsøving | Fellesleik |
| Tema | I veke 35 – 40 arbeider me med temaet fargar. Faga samfunnsfag, musikk, engelsk, norsk, matematikk, kunst og handverk, krle og naturfag er del i temaet. |

## Meldingar



**Foreldresamtalar**
Me set i gong med foreldresamtalar i veke 37. Innkalling kjem i Visma i løpet av veke 36.

**Bokstavinnlæring**
Denne veka startar me med bokstavinnlæring. Dei fyrste vekene trenar me på ein bokstav i veka. Etter kvart aukar me til to. Me øver på å lese og skrive dei store og små bokstavane, og nyttar ulike språkaktivitetar og leikar i samband med innlæringa.

Salto 1A Arbeidsbok kjem til å vera leksebok i norsk. Denne boka skal alltid vera i sekken. Fint om de hjelper elevane med å passe på at boka ligg i sekken og at leksa vert gjort då dei er for små til å ha full kontroll på dette utan hjelp frå oss.

Denne veka er **«Mitt skip er lasta med»** heimelekse. Denne veka er skipet lasta med i-ord. Leiken fungerer slik at deltakarane prøver å kome på ulike ord som startar på i. Den fyrste seier til dømes «Mitt skip er lasta med is» Deretter kan nestemann sei «Mitt skip er lasta med iglo.» Vidare vekslar deltakarane på å laste skipet med ulike i-ord. Leiken vert fort litt ekstra kjekk om ein til dømes kastar ein ball eller ein samankrølla tjukkelabb til den neste som skal sei «Mitt skip er lasta med (…)»

**Uteskule til gapahuken over Seberg**
Denne veka går også turen til gapahuken over Seberg. Me startar dagen på skulen med samling og ein sjekk av sekkane våre. Deretter går 1AB saman fram til gapahuken over Seberg. Me et nista vår og har fagleg opplegg der før me returnerer til- og avsluttar dagen på skulen. I sekkane sine treng elevane frukt/grønt, niste, rikeleg med drikke, sitjeunderlag og byteklede alt etter vær og temperatur.

Ynskjer dykk ei flott veke 😊

**Andrea og Mari**


Andrea Turhus Raaen
andrea.turhus.raaen@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 91582896

Mari Fykse
mari.fykse@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 97137337